



<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref</i>
08/611-20	16554/10	400 &00	SEN/PER/JAB	

## **Etikk - Klepp kommune**

### **Generelt**

Sentrale verdier for kommunen sin etikk er at vi skal vera opne og ærlege, visa respekt og ha lik behandling av alle.

Etikk er knytta til:

- Kvalitetssystem på dei enkelte tenesteområda
- Kommunen sine personalpolitiske verdier og spelereglar

Alle har plikt til å arbeida lojalt i samsvar med dei lover, forskrifter og reglement som gjeld for kommunen si verksemd.

### **Spesielle område**

Lojalitet skal vera knytta til:

- Brukarane
- Andre yrkesgrupper
- Vedtak
- Arbeidsgjevar
- Samarbeid
- Økonomireglement – økonomidisponering

Varsling om avvik: Viser til eigne retningslinjer og Arbeidsmiljølova.

### Handlingsreglar:

- Tilsette skal unngå personlege fordelar som kan påverka handlingar, saksbehandling eller vedtak
- Gåver skal i hovudsak gå til heile avdelinga og/eller vera av liten verdi.
- Moderate former for gjestfridom og representasjon høyrer med i samarbeidsforhold og informasjonsutveksling.
- Reiser i fagleg samanheng vert som hovudregel dekkja av kommunen eller annan offentleg instans.
- Fordelar, som f.eks. personlege rabattar ved kjøp av varer og tenester skal gjelda alle tilsette.

Tilsetting: Vi må vera varsam med tilsetting av familie og nære venner i rett line. Forhald som kan vera uklare, skal avklarast med overordna.

Teieplikt er omhandla i forvaltningslova eller særlover. Alle skal vera varsame med å gi vidare opplysningar som dei får kjennskap til gjennom jobben, til utanforståande. Dette gjeld særleg personlege opplysningar.

Mobbing: Det skal vera nulltoleranse.

Sosiale media: Tilsette i Klepp kommune må hugse ”god folkeskikk”, lojalitet, taushet og kor dei arbeidar.

Referert i Administrasjonsutvalet 06.09.2010